

Til Hol kommune

Planavdelinga

3576 Hol

Innspel til revisjon av kommuneplanens arealdel

Eg har ikkje fanga opp at det er varsla oppstart av kommuneplanrevisjon og har difor heller ikkje kome med innspel innan fristen. Som eigar av gbnr 28/25 og med eit engasjement for ei berekraftig og langsiktig god forvaltning av heile fjellområdet, vel eg å sende inn eit innspel nå som eg vart kjent med igangsett prosess. Dette blir eit kort og stikkordmessig innspel sett opp mot dei kriteria kommuneplanutvalet har lagt for revisjonen.

Innspel: Attendeføre areal avsett til fritidsformål til LNF innafor KPA-området som fell saman med Reguleringsplan for gnr 42, bnr 1,2,3 m.fl Sudndalen.

Grunngjeving:

Enormt omfang – over 600 hytter samt leilegheitsbygg

Reguleringsplan for gnr 42, bnr 1,2,3 m.fl Sudndalen opnar for fleire hundre nye fritidsbustader. Det er tale om over 600 fritidsbustader samt leilegheitsbygg.

Ikkje ferdig detaljregulert – stor hyttereserve

I dette området er det ein stor hyttereserve, og ved revisjon av kommuneplanens arealdel har kommunen ein moglegheit til å gjere ei revurdering av planlagt arealbruk. Reguleringsplanen for dette området hadde ikkje i dag neppe vorte godkjent i slikt enormt omfang ut frå nasjonale føringar og den kunnskap ein nå har. Kommunen har ut frå dette eit særleg ansvar for å revurdere planlagt arealbruk. Reguleringsplanen vart godkjend i 2011 og området er ut frå dette i kommuneplanen vedteke 2014 vist som "eksisterande", og ikkje framtidig. Men berre ein liten del av planen er i dag realisert og fleire felt krev ytterlegare regulering (detaljregulering).

Auka press på villreinens leveområde

Klassifisering etter kvalitetsnormen for villrein for Nordfjella villreinområde i 2022 viser at villreinområdet er klassifisert som raudt. Dvs. ikkje godkjent etter normen. Kommunen har eit ansvar for særskilt følge opp dette i si arealplanlegging. Ei så omfattande utbygging som planen opnar for, vil gi vesentleg auka ferdsel inn i villreinens leveområde, og også inn i nasjonalparken. Forstyrring frå menneskeleg aktivitet har stor negativ effekt på arealbruken og vandringsmoglegheitene til villrein. Realisering av hyttereserven som er på fleire hundre hytter i dette området vil forverre situasjonen for villreinen ytterlegare.

Konfliktfullt

I tillegg til konflikt med villreinens interesser fører nedbygging av utmark og vesentleg auke i ferdsel til auka konfliktnivå i forhold til den tradisjonelle bruken av utmarka som t.d. beite og anna utmarksnæring. Dette gjeld også sårbart vilt. Naturleg utfartsområde vil vere tilgrensande fjellområde. Omfanget er så stort at det er openbart at verknadene av ei utbygging er konfliktfulle. Det kan også nemnast at sjølve utbyggingsområdet omfattar nokre myrområde. Utbyggingsområdet strekk seg opp i den glisne fjellbjørkeskogen opp mot snaufjellet.

Oppsummering

Attendeføring frå fritidsformål til LNF-formål i KPA for område innafor Reguleringsplan for gnr 42, bnr 1,2,3 m.fl Sudndalen. Dette er i samsvar med dei føringar jf. pkt 1-4 som kommuneplanutvalet har vedteke 22.09.2022 for revisjon vedr. fritidsformål.

Området fell særleg innafor *pkt. 3 "Konfliktfylte ubebygde regulerte byggeområder i gjeldende plan vurderes tatt ut."*

Da ikkje heile området er detaljregulert, fell det også innunder *pkt. 2 "Avsatte uregulerte areal til fritidsformål i gjeldende plan vurderes tatt ut."*

Dette talar for å ta området med vidare i revisjonsprosessen. Revisjon av kommuneplanen er ei moglegheit for kommunen til å gjere ei revurdering av arealbruken ut frå den kunnskapen ein har i dag.

Med helsing

Ingunn Moen Helland (Gbnr 28/25)

29.nov 2022